



Full fart i gruppa for dei eldre

Ikveld har ungdomslaget fått igang att diskoteket som ikkje har avvikla nokon dansekveld sidan i fjor. Og nystarten vart ein fulltreffar: Det kom 36 frå dei lågaste 4 klassane og 37 frå klassane 5,6 og 7. Tilsaman 73 var over all forventning seier dei som har æra for nystarten.



Katrine snurra plater saman med Kari

Og den som skal ha denne æra er Karin Kjerpeseth, fortel gjengen av vaktar. Ho fortel at det ikkje var problematisk å få folk til å stilla opp - dei sa seg viljuge med ein gong. No er det å håpa at dei vil vera like viljuge til hausten då dei set igang att ein fredag i månaden.

Dei som snurra plater og held stemningen oppe i kveld var Kari Bråtun og Katrine Yri Røssland. Dei kom like godt frå det som i idretten, var det ein som sa. Også salet av pølser og anna godt gjekk strykande

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen